

Solesnes, 03.07.2013

NVE- Konesesjonsavdelingen,

Postboks 509I Majorstua, 030I Oslo

Planlagt utbyggjing av Vassendeelvi m/regulering av Vassendevatnet.

Når ein les søknaden om regulering av Vassendevatnet og ser at utbyggjar gjer uttrykk at I meter nedtapping av vatnet har liten eller ingen betydning for forholda rundt vatnet då vert eg arg. Eg er ikkje grunneigar og har ikkje hytte i området men eg er ein av dei flittigaste brukarane av området rundt vatnet til turgåing fiske.

Fyrste sumarferien i lånt hytte var som 5 åring saman med familien i 1947. Sidan har eg vore mange turar på fiske og jakt i området både somar og vinter.

At fisken i søknaden er tillagt liten verdi kjem no an på brukaren, den som ikkje fiskar har heller ikkje sans for verdien.

I den midlertidige avtalen med E-verket, som no er oppsagt, såg me korleis vatnet vart ved nedtapping. I den innerste delen av vatnet med grunne strender, fekk ein fjøra på 50-60 meter med djup gjørma, det gjekk ikkje an å koma seg iland. Nedtapping gjorde at gytebekker vart meir og mindre tørrlagde om hausten.

Den viktige strandsona i normal vannstand forsvann-slik at viktigast mattilgang for fisken forsvann. Isen la seg seinhaust på nedtappa vaten med store fjører-dårlige forhold for fisken.

Så stengde dei luka for avtapping før jul og då steig vatnet langsamt utover vinteren. Eg har gått på ski over vatnet i februar i 7-8 minusgrader og fått iskladdar under skiene-då ein såg seg attende i sporet såg ein vaten kom opp-det flødde.

Aller mest skade synest eg egmsinntrykket vart. Før regulering var vatnet ei perla du måtte leita lenge etter for å finna maken. Ved nedtapping gjekk du forbi med mismot-dei lange fjørene var ikkje mykje å sjå på. Frå å vera ei perla av eit vaten vart det redusert til noko heilt anna.

Noko de må ta med i det sama er at vatnet er lett tilgjenge for folk som er dårlig til fots. Bilveg heilt opp sumarsdagen og lett for alle å koma seg opp.

Med helsing Kjell Selsvik
Gr 13. Br 65 Svåsand